


Imponerande bokprosjekt kjem att neste år

26.01.2011



Rektor Marie Elisabeth Kaldestad takkar sentral trio i arrangementet: Solveig Haugland, Per Olav Kaldestad og Vidar Haugland

**Bok-kvelden i skulen og barnehagen i kveld var eit imponerende høgdepunkt i bokprosjektet som dei har hatt gåande.
Og den nye rektor Marie Elisabeth Kaldestad,
som har fått prosjektet nærmast i fanget,
nøler ikkje med å lova at det skal koma att neste år.
Ho seier spontant til uskedalen.no at det må skje ikkje minst fordi dette
er noko verdfullt som heile skulesamfunnet
i Uskedalen kan vera saman om.**



Vidar Haugland med 3 særleg eksklusive barnebøker

Vi har inntrykk av at dei fleste i dette samfunnet har vore med og drege lasset, - frå elevene som har laga bøker sjølve via dei som hadde ordet under bok-kvelden til dei som serverte og hadde utlodning.





To av dei som har laga eigne bøker: Femteklassingane Hanne Hauge og Merete Myklebust.

Men den avgåtte rektor Vidar Haugland har med sitt entusiastiske engasjement for bøker vore sentral saman med innsatsen til lærarane Rannveig Helleland og Elisabeth Arnesen samt barnehagestyrar Marianne Bjørnebøle. Det var eit mangfaldig opplegg, også med til dømes boksal og teikne- og skrivekrok.



Per Olav Kaldestad les i biblioteket, som har vorte rusta kraftig opp.

Elevanes eigenproduserte bøker var eit kapitel for seg, dei dekka eit kjempebord og var i høgste grad prega av kreativitet og fantasi.

Bøkene bar bod om mykje og flittig lesnad. Sjette og sjuande klasse hadde gått eit steg vidare og knytt det til kunst og handverk som igjen var knytt til dikt.

Haugland kunne under bok-kvelden presentera si eiga, imponerande samling av eldre barnebøker. Den 124 år gamle førsteutgåva av Sivles "Berre ein hund", "Snorre Sel" med snert mot okkupantane av Milorg-leiaren Frithjof Sælen frå Bergen og dei to barnebøkene som Olav Duun faktisk skreiv på bokmål under sitt eigentlege namn Ole Raaby vekte berettiga merksemd.

Ein framifrå forfattar var importert frå Stord: Husnesingen Per Olav Kaldestad, som har skrive 14 barne- og ungdomsbøker sidan 1978, fengsla elev- og foreldreflokken med å lesa dikta sine stutthogne dikt i biblioteket.

Og apropos dikt: Sjetteklassingen Solveig Haugland las ssitt eige dikt "Fuglen" då kvelden opna og det unnar vi også lesarane:

Fuglen sit der åleine
Han vil så gjerne vera med dei andre.
Fuglen flyr
Han er fri
Over vatnet og under himmelen flyr fuglen.
Pynta og fin flyg han over oss.
Over hav og under sky.
Der flyr fuglen i morgen gry.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen